



Ein av dei mange driftige bøndene i dalen satsar no enda meir. Runar Myklebust har nyleg søkt om å få reisa eit tilbygg på 120 kvadratmeter slik at han kjem opp i 680 kvadratmeter. Mjølkekvoten vil auka frå 250 000 til 400 000 liter. Talet på årskyr vil auka frå 30 til 50 og Myklebust satsar på overgang til lausdrift og mjølkerobot.

I dei seinare åra har det funne stad ein sterk satsing på jordbruket i Uskedalen og denne utviklinga ser altså ut til å halda fram.

Tilbygget som no er planlagt er markert på skissa over.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen